

Fra: Anbjørn Høivik[anbjorn.hoivik@kvinnherad.kommune.no]  
Sendt: 08.05.2024 11:19:02  
Til: styreleiar;Jonathan Varela Byrkjenes;Øyvind Lernes (lernes@knett.no)  
[styreleiar@rosendal-turnlag.no;jonathan@rosendal-turnlag.no;lernes@knett.no]  
Kopi: Natalie Martins Sæberg[natmid90@gmail.com];Anne Lise Næs[anne.lise.naes@kvinnherad.kommune.no];Erlend Bøyum[erlend.boyum@kvinnherad.kommune.no];Kristian Helgesen[kristian.helgesen@kvinnherad.kommune.no];  
Tittel: Sv: Referat frå møte om fleirbrukshall i Rosendal

---

Hei igjen!

Her er ferdigstilt referat. Takk for godt møte!

Med helsing  
**Anbjørn Høivik** | Sektorleiar Samfunnsutvikling  
Mobil: +47 917 05 737 | Tlf: 53 48 31 00

[www.kvinnherad.kommune.no](http://www.kvinnherad.kommune.no) | 



---

**Fra:** styreleiar <styreleiar@rosendal-turnlag.no>  
**Sendt:** onsdag 8. mai 2024 09:03  
**Til:** Anbjørn Høivik <anbjorn.hoivik@kvinnherad.kommune.no>; Jonathan Varela Byrkjenes <jonathan@rosendal-turnlag.no>; Øyvind Lernes (lernes@knett.no) <lernes@knett.no>  
**Kopi:** Natalie Martins Sæberg <natmid90@gmail.com>; Anne Lise Næs <anne.lise.naes@kvinnherad.kommune.no>; Erlend Bøyum <erlend.boyum@kvinnherad.kommune.no>; Kristian Helgesen <kristian.helgesen@kvinnherad.kommune.no>  
**Emne:** Re: Referat frå møte om fleirbrukshall i Rosendal

Hei,

Snakket med Øyvind og Jonathan. Vi har ingen merknad til referatet slik det foreligger. Kan du sende det i retur som vedlegg på e-post til meg?

Vennlig hilsen

Natalie Martins Sæberg, styreleder  
mob. 99331534  
E-post: [styreleiar@rosendal-turnlag.no](mailto:styreleiar@rosendal-turnlag.no)  
[www.rosendal-turnlag.no](http://www.rosendal-turnlag.no)

---

**From:** Anbjørn Høivik <anbjorn.hoivik@kvinnherad.kommune.no>  
**Sent:** Tuesday, May 7, 2024 7:56 PM  
**To:** styreleiar <styreleiar@rosendal-turnlag.no>; Jonathan Varela Byrkjenes <jonathan@rosendal-turnlag.no>; Øyvind Lernes (lernes@knett.no) <lernes@knett.no>  
**Cc:** Natalie Martins Sæberg <natmid90@gmail.com>; Anne Lise Næs <anne.lise.naes@kvinnherad.kommune.no>; Erlend Bøyum <erlend.boyum@kvinnherad.kommune.no>; Kristian Helgesen <kristian.helgesen@kvinnherad.kommune.no>  
**Subject:** Referat frå møte om fleirbrukshall i Rosendal

Hei

Her er møtereferat til gjennomsyn og kommentar. Eg skjønner at Natalie ønskjer ferdig referat til RTL sitt styremøte med det første, så rask tilbakemelding og dermed påfølgande ferdigstilling blir nok sett pris på frå den kanten.

Utkast:

## MØTEREFERAT

### Referat frå møte 03.05.2024 om fleirbrukshall i Rosendal

| Referent       | Saksarkivnr. | Dato       |
|----------------|--------------|------------|
| Anbjørn Høivik | 2022/2774-10 | 05.05.2024 |

**Tid og stad: 03.05.2024 kl. 8 – 10 i møterom Samfunnskroken, rådhuset, Rosendal.**

**Til stades:** Natalie Martins Sæberg (styreleiar RTL), Øyvind Lernes (styremedlem RTL), Jonathan V. Byrkjenes (dagleg leiar RTL), Kristian Helgesen (fagkoordinator kultur og idrett KK), Erlend Bøyum (einingsleiar prosjekt og utbygging KK), Anne-Lise Næs (planleggjar KK) og Anbjørn Høivik (sektorleiar samfunnsutvikling KK).

Anbjørn ønskte velkomen og innleia. Han viste til initiativ frå Rosendal Turnlag (RTL) i desember 2023 med ønskje om dialog kring status og utvikling av ny fleirbrukshall i Rosendal, og seinare kontakt om dette.

Ein ny idrettshall i Rosendal har vore planfesta lenge - den har hatt ein plass på overordna nivå i kommunen sin plan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet i mange år, da nemnt saman med ny hall på Husnes. Kvinnherad Arena er no reist, og dermed er ny hall på Husnes løyst. Ny fleirbrukshall i Rosendal står for tur og har

fått plass i gjeldande økonomiplan med dei første midlane avsett til føremålet i 2026.

Kommunestyret ønskjer plass til ein *stor fleirbrukshall* med tilstrekkeleg takhøgde for *fleksibel bruk* (vedtak oktober 2022).

Kommunen jobbar langs fleire spor i dette:

- Eit reguleringsplanvedtak må på plass for å ha grunnlag for grunnerverv , infrastruktur og samordning med andre samfunnsinteresser
- I samband med dette må det i ein eller annan grad bli brei semje om innhald og storleik, og helst eit vedtak på dette
- Kostnadar må kalkulerast for å ha eit økonomisk avgjerdsgrunnlag
- Finansieringskjelder må klarleggjast med tilstrekkeleg realisme
- Ut frå alt dette må det veljast modell for utbygging og drift

RTL blir truleg største brukar av ny hall på ettermiddag, kveld og helg. Det er difor både ønskeleg og naudsynt med ein god dialog i det vidare. Det er også viktig at Kvinnherad idrettsråd blir involvert.

Anne-Lise orienterte om status og grep i reguleringsplanen som er under arbeid. Det er nokre sentrale punkt som plankontoret freistar å få avklara no slik at planforslaget kan koma til høyring. Det gjeld særleg tilkomstveg og arrondering av areal til fleirbrukshall, løysingar i Skålafjæra, gjennomføring og ev. fråvik på vegnormene som må søkjast om. Det er von om planforslag til høyring rett over sommaren 2024. Ho påpeika at knappheit på areal i sentrum er ei utfordring, og at ein derav bør arbeide ut frå faktiske behov når ein skal setje av areal til idrettshall. Det er mellom anna stort behov for bustadareal sentralt i Rosendal.

Erlend orienterte om korleis kommunale byggeprosjekt blir gripe an, og budsjettsituasjonen for investeringar frametter. Grunna kommunen sin økonomiske situasjon er det skuva på fleire hundre millionar kroner til byggetiltak i investeringsbudsjettet. Til fleirbrukshall i Rosendal er det i gjeldande økonomiplan vedteke 10 mill.kr. i 2026 og 20 mill.kr. i 2027. Det er tilsynelatande sett av 30 mill. i 2033, men det er uklart kva som er tanken med det. Norsk prisbok stipulerer utbyggingskostnad per kvm. på kr. 35.000,-.

Kristian orienterte om resultat og førebelse vurderingar etter gjennomført behovsundersøking. Førebelse grovvurderingar av kostnadar til hhv. enkelthall, dobbelhall og friidrettshall med 200 m. løpebane ligg i storleiken 130 – 300 mill.kr. Jonathan kommenterte her at RTL i kontakt med Sverre Sørnes (rådgjevar for Trond Mohn) kunne vise til kostnad på 127 mill.kr. for stor fleirbrukshall.

Øyvind tok ein historisk gjennomgang av «hallsaka» i Rosendal. Han informerte om at RTL framleis er i prosess om ønskje og behov for innhald og funksjonar i fleirbrukshallen, men likevel opptekne av at hallen bør vere ein fleirbruks- og

friidrettshall, og at laget vil ha eit realistisk syn på mogleg finansiering. I det ligg det at eit bygg til 300 mill.kr. vert rekna som urealistisk. RTL vurderer at behova går litt i bølger, og ønskjer seg gode løysingar men innanfor realistiske rammer. Dei ser no etter gode døme på eksisterande fleirbrukshallar med friidrettsfunksjonar. Innandørs rundbane vart drøfta - med god utandørsbane er det truleg ikkje behov for dette. Kristian er oppteken av fleksible rom som kan nyttast breitt, og ønskjer at RTL i samband med dette tek initiativ til felles synfaring av referanseanlegg. RTL vil gjerne delta i arbeidet med å finna gode løysingar.

Når det gjeld utbyggingsmodell ser RTL at privat utbygging kan bli billigare enn kommunal utbygging, men at RTL ikkje har ei organisering no som kan løfte dette.

Møtelyden drøfta så ulike moment knytt til innhald, infrastruktur, plassering, utbygging, drift og finansiering.

Oppsummert:

Kommuneadministrasjonen jobbar vidare med reguleringsplanforslag tilpassa stor fleirbrukshall rundt 12 meter høg, men med høve til å etablere nødvendige tekniske installasjonar noko høgare enn dette på delar av arealet. Av arealmessige og økonomiske grunnar blir det truleg utan 200 m. løpebane.

RTL si forventning er at kommunen dreg prosessen for byggeprosjektet vidare, og at RTL får ei rolle i dette. Grunna dei dei økonomiske realitetane i saka er det ikkje naudsynt med hastverk. RTL tek initiativ til synfaring av samanliknbare hallar, og Erlend og Kristian blir med frå kommunen.

Med helsing

**Anbjørn Høivik** | Sektorleiar Samfunnsutvikling

Mobil: +47 917 05 737 | Tlf: 53 48 31 00

[www.kvinnherad.kommune.no](http://www.kvinnherad.kommune.no) | 

